

# Den historiske utviklinga til ord på *-vis*

## Del 1: Dokumentasjon

Av Torodd Kinn

*Substantivet vis, som no tyder 'måte, skikk', har gjeve opphav til tre ulike suffiks: eitt som dannar setningsadverb (t.d. sannsynligvis og heldigvis), eitt som dannar adjektiv med ulike slag tyding (t.d. forskuddsvis og fylkesvis), og eitt som dannar spesialiserte fleirtalsformer (overflodsfleirtal) av målssubstantiv (t.d. tusenvis og massevis). Kvart suffiks er resultat av ein grammatikaliseringssjess, og artikkelen dokumenterer og analyserer desse utviklingane. Del 1 er ei kartlegging av dei ulike konstruksjonane som vis/-vis har vore nytta i gjennom dei siste 700 åra. Kjeldematerialet er døme frå Diplomatarium Norvegicum, dei skjønnlitterære tekstane i tekstsamlinga til Dokumentasjonsprosjektet og ekserperte ordbøker. Del 2 vil drøfte tilhøvet mellom lån frå tysk og heimlege utviklingar og analysere dei ulike grammatikaliseringssjessane.*

### 1 Innleiing

Attåt det sjølvstendige substantivet *vis* 'måte, skikk' finst det i moderne norsk ei rekke ulike slag ord på *-vis*. Det moderne systemet er utførleg drøfta i Kinn (2005). Tek ein utgangspunkt i den synkrone klassifikasjonen av *vis/-vis* der, kan ein rekne med fire ulike morfem:<sup>1</sup>

- 1) ei substantivisk rot. Ho førekjem som sjølvstendig substantiv (*vis*) og som etterledd i samansette substantivleksemer der føreleddet oftast er eit substantiv (*kattevis*), sjeldnare eit verb (*levevis*). Uttrykka har måtestyding.
- 2) eit adverbialt avleiingssuffiks. Adverbleksema er avleidde av adjektiv på *-ig* og *-lig/-leg* og fungerer som setningsadverbial (t.d. *sannsynligvis*, *heldigvis*, *vanligvis*). Uttrykka er anten epistemiske med tyding som gjeld sannsyn (*sannsynligvis*) og sedvane (*vanligvis*) eller evaluerande kommentarar (*heldigvis*).<sup>2</sup>
- 3) eit adjektivisk avleiingssuffiks. Adjektivleksema er avleidde av substantiv og fungerer typisk som adverbial eller attributt til substantiv. Uttrykka har anten

essivisk tyding ('X er eller har form/funksjon som Y'; *forskuddsvis*) eller ulike slag distributiv tyding (*gruppevis, fylkesvis, stedvis*).

- 4) eit substantivisk bøyingsuffix (tusenvis, massevis, årevis). Bøyingsformene tilhøyrer målssubstantivleksem og har overflodstyding, såkalla overflodsfleirtal (*plural of abundance*).<sup>3</sup> Dei er typisk nytta anten som komplement til preposisjonen *i* i adverbial (*komme i tusenvis*) og modifierarar til substantiv (*turister i tusenvis*) eller i såkalla falske partitivar (*tusenvis av turister*).

Den substantiviske rota er det eldste av desse morfema, og suffiksa er diakront sekundære resultat av grammatikalisering. I denne artikkelen tek eg føre meg utviklinga av dei tre suffiksa og ordtypar og syntaktiske konstruksjonar som *vis/-vis* er nytta i, og eg samanliknar med låg- og høgtysk for å avgjere kva som er lån derifrå. Det er primært ei morfologisk og syntaktisk undersøking, med semantikken som ein integrert komponent, og ikkje ei undersøking av einskildord.

Det er skrive lite om historia til *-vis*. Skautrup (1947: 240, 384; 1953: 374; 1968: 261) inneheld nokre korte avsnitt om lån frå tysk og produktivitet i dansk språkhistorie. Tamm (1899 a: 67–68; 1899 b: 37–41) og Ljunggren (1942: 125–30) er svenske bidrag og inneheld noko meir om dei historiske tilhøva, med omsyn til både lån og intern utvikling (jamvel om Tamm sine tekstar er mest synkront vinkla). Så vidt eg veit, er Tiisala (1990) og Norde (2005) dei einaste moderne bidraga av noko omfang. Temaet hos Tiisala er først og fremst historia til svenske deadjektivale adverb (som i pkt. 2 ovanfor), medan Norde har undersøkt overgangen frå adverb til adjektiv ved denominale danningar i svensk (som i pkt. 3 ovanfor). Med omsyn til synkrone framstillingar elles kan det visast til referansane i Kinn (2005). Paraschke-woff (1976) er ein historisk studie av den deadjektivale ordtypen på *-weise* i tysk. Ord på *-weise* meir generelt er hovudsakleg synkront handsama i Starke (1973), men elles finst det svært lite i den tyske litteraturen òg.<sup>4</sup>

Framstillinga i denne artikkelen byggjer på ulike kjelder. Eg har nytta to av tekstsamlingane til Dokumentasjonsprosjektet ved Universitetet i Oslo: nettutgåva av *Diplomatarium Norvegicum* og den elektroniske litterære tekstsamlinga, jf. kjelde-lista. Dessutan har eg ekserpert Otto Kalkar si *Ordbog til det ældre danske Sprog* (OædS) og *Holberg-ordbog* (HO). Utover det har eg hatt god nytte av *Ordbog over det danske Sprog* (OdS), *Deutsches Wörterbuch* (DW) og Schiller og Lübben si *Mitelniederdeutsches Wörterbuch* (MW).

I del 1 skildrar eg korleis substantivet *vis* og ord på *-vis* har vore nytta opp gjennom historia: i norske kjelder frå 1300- og 1400-talet, i danske og norsk-danske kjelder frå tida fram til 1800-talet og i norske kjelder frå perioden fram til vår eiga tid. Framstillinga er ordna primært etter uttrykkstype og sekundært kronologisk. Dei ulike uttrykkstypene er (med døme på dei fleste frå moderne norsk) fordelte slik over avsnitta:

2: dei gamle uttrykka *ødruvís* og *ligervis*

3: måtesuttrykk med substantivet *vis* (t.d. *på kvinnevis, på listig vis*)

- 4: modaladverb (t.d. *sannsynligvis, heldigvis*)
- 5: essiviske adverbial (t.d. *forskuddsvis*)
- 6: distributive adverbial (t.d. *gruppevis, fylkesvis, stedvis*)
- 7: essivar og distributivar som attributt (t.d. *forskuddsvis betaling, fylkesvise valg*)
- 8: kvantitative adverbial (t.d. *komme i tusenvis*)
- 9: kvantitative modifierarar til substantiv (t.d. *mennesker i tusenvis*)
- 10: kvantitativar i falske partitivar (t.d. *tusenvis av mennesker*)

I del 2 vil eg analysere dei ulike historiske utviklingane meir teoretisk; det dreier seg om både lån, reanalysar og ekstensjonar.

## 2 To gamle uttrykk: *ødruvís* og *ligervis*

Noko sjølvstendig substantiv *vís* er ikkje kjent i norrønt, jf. avsnitt 3. Før substantivet dukka opp, og før den større mengda av komplekse ord gjorde seg gjeldande, var særleg to leksikaliserte uttrykk utbreidde: *ødruvís* og *ligervis*. Adverbialet *ødruvís* ‘på anna vis’ er kjent frå norrønt, jf. *Norrøn ordbok* (1990: 515). Den første delen er ei bøygd form av *annarr* ‘annan’ – samanlikn med engelsk *otherwise*.<sup>5</sup> Det er ei rekke belegg i diplomatariet;<sup>6</sup> det eldste eg har funne, er frå 1297 (bind 1, brev 87) og det yngste frå 1461 (bind 1, brev 854), med forma *andrewis*. Ordet finst ikkje i OædS og kan sjå ut til å ha gått ut av bruk i førreformatorisk tid. To døme er gjevne i (1) og (2).

- (1) En hinir sem odruuis gera skulu sæta vaare sanre vbliðu [1358]  
‘men dei som gjer på anna vis, skal merke vår sanne unåde’
- (2) oc engin minnis annars at adhwiss giort war [1437]  
‘og ingen minnest at det var gjort på anna vis’

Uttrykket *ligervis* ‘på same vis’ kom inn seinare; det eldste belegget eg har funne i diplomatariet, er frå 1402.<sup>7</sup> Ordet var i bruk i norsk iallfall fram til byrjinga av 1900-talet. (3)–(5) syner nokre døme.

- (3) liker viis som hon siolf samþykkiande ok hia være [1402]  
‘på same vis som ho sjølv òg samtykkjande var til stades’
- (4) gjøre ... emod hanss nade ... ligheruiissz som thett aldrig skeett [1536]
- (5) Ogsaa i vort Hedenold var Begravelsen den almindelige [*skikk*] ...  
indtil ligervis Kristendommen tog den i Arv. [1885]

Desse to uttrykka har neppe hatt noko særleg å seie for utviklinga av andre deadjektivale adverb på -vis, som dei formelt høyrer nærast saman med – *ødruvís* ser i alle høve ut til å ha gått ut av bruk for tidleg til å påverke den utviklinga.

### 3 Måtesuttrykk med substantivet *vis*

Uttrykk der substantivet *vis* er nytta med tydinga ‘måte, skikk’, kan ordnast i tre typar: sjølvstendig bruk (avsnitt 3.1), bruk med framforstilt substantiv (avsnitt 3.2) og bruk med attributivt adjektiv (avsnitt 3.3).

#### 3.1 *Vis som sjølvstendig substantiv*

Det eldste dømet på *vis* som klart sjølvstendig substantiv som eg har funne i diplomatariet, er frå 1525, jf. (6). Nokre fleire gamle døme på bruk i måtesadverbial er gjevne i (7) og (8). Dei har form av preposisjonsfrasar, og det er oftast *paa*, sjeldnare *i*, som er nytta. (9) gjev eit døme på bruk som objekt.

- (6) han ... ville giøre en ordinantz po heste ... po then wiiss som med poster er i Italien [1525]
- (7) Heng ved hin lille Hiord i sindet vel fornøyed, Paa den Viis blifver du til Himmelen ophøyed [1685]
- (8) y szadanne wysz oc made [1532]
- (9) En Vog det er Tredivte Torske, Toe Torsker en Spærre, Toe Spærrer saa rund De veye Tolv Marker, det er et halv Pund Den Viis bruge vor' Norske. [før 1700]

I desse døma er *vis* felleskjønn, slik det framleis er i dansk. I norsk var det opphavleg femininum (eller felleskjønn), men har seinare i mange målføre skifta genus til nøytrum eller maskulinum, jf. Beito (1954: 405). I bokmål er nøytrum no heilt dominerande, og det er det vanlegaste i nynorsk òg, jamvel om femininum er ein del nytta, jf. Kinn (2005), og maskulinum er tillate i rettskrivinga. I svensk er *vis* nøytrum.

#### 3.2 *Uttrykk med substantiv framfor vis*

Måtesuttrykk med substantiv framfor *vis* ser ut til å ha vorte vanlege først på 1600-talet. Det dreier seg mest om samansette substantiv med *vis* som etterledd, men òg frasar med førestilt genitiv – stundom kan det vere vanskeleg å skilje mellom desse typane, ettersom bruken av sær- og samanskiving ymsar mykje i kjeldene.

Her hadde ein på eit tidleg stadium variasjon mellom preposisjonsfrasar og substantivfrasar i adverbial funksjon. Av preposisjonane har *paa* heile tida vore den normale, som i (10)–(13), men døme med (*ud-*) *i* finst òg, jf. (14).

- (10) Du sactmodig O Guds Lam, Som paa Morder viis forfultis [1678]
- (11) Der nu Qvinden kom tilbage, Havde Nabal tilbered, Giæstebud i samme Dage Ret paa Konge-viis og Sæd [før 1700]
- (12) (*Jeanne d’Arc’s*) Haar ... var klippet paa Mandsviis [1745]
- (13) Lad det alt skee paa Faders viis, Og mig med maade refse. [1678]
- (14) hand holder oss alle i herre vise [rundt reformasjonen]

Uttrykk utan preposisjon, som i (15) og (16), kan ofte ikkje skiljast klart frå essiviske adverbial (jf. avsnitt 5), dvs. at det ikkje er godt å avgjere om ein i moderne norsk ville ha hatt t.d. *på mordervis* eller *som morder*.

- (15) Strax Døden Morderviis Hosbonden fra mig ref [1685]  
 (16) Om dette Klagemaal at siunge Skialdre-viis [1720]

Den preposisjonslause typen av måtesuttrykk forsvann utpå 1700-talet.

Som nemnt glid samansette substantiv med måtestyding ('liksom ...') over i essivane ('(med form/funksjon) som ...'). I det heile er dei samansetjingstypene som er illustrerte her, berre eit utsnitt av biletet. Både essiviske, distributive og kvantitative uttrykk har opphav i samansette substantiv, jf. avsnitt 5–6 og 8.

### 3.3 Uttrykk med adjektiv framfor vis

Dei eldste døma eg har funne på uttrykk med prototypiske adjektiv, er måtesadverbial frå 1500-talet. På formsida er det variasjon mellom uttrykk med ulike preposisjonar og uttrykk utan preposisjon. Den vanlegaste preposisjonen er *paa*, som i (17) og (18).

- (17) Saa qvist [dvs. 'ris'] dog i Naade, paa faderlig Viis [1699]  
 (18) Du skal ey paa Barbarisk Viis Umælend' Fæ tilbede [før 1700]

Sjeldnare er uttrykk med *efter* og *i*. Når *efter* er brukt, ser det ut til at *vis* har tydinga 'skikk', som i (19). Bruken av *i* i (20) kan ha samanheng med at *vis* der helst tyder 'forstand, tyding'.

- (19) Men closterit i sig sielff uaar herligt noch bygd oc beprydet baade jnden oc vden, effter den papistiske viis som den gudzienniste thill hörde paa den tid. [ca. 1550]  
 (20) Hand der i geistlig viis en braaged kiortel finder [1681]

I OædS har eg ikkje funne uttrykk med preposisjon og adjektiv, men det kan tenkjast at dette har samanheng med at ordboka i utgangspunktet skulle dokumentere eldre språkbruk som skilde seg frå den samtidige, og då fell dei fleste uttrykka med preposisjon utanfor. OædS inneheld derimot ein del døme på tilsvarande uttrykk utan preposisjon. Det er mogleg at dei preposisjonslause uttrykka kom i bruk noko seinare enn dei med preposisjon, jf. Ljunggren (1942: 129) og del 2 av artikkelen her. Nokre døme med uttrykk utan preposisjon er gjevne i (21)–(24).

- (21) ther som nogre Norges riiges indbyggere ... nogen anfichning [dvs. *anfektning*] ... finthligeruiss [dvs. *fiendtligvis*] finge [1533]  
 (22) Set icke tratzig viis for Taare-Regn en Prop [1685]

- (23) Effter Servii Død bemægtigede den Tyran Tarqvinus sig Regiæringen, hvilken hand Tyrannisk Viis forestod, og derfor ... blev kaldet Superbus [1711]
- (24) Crantzius synes at tilkiende give, at Kong Christopher døde naturlig viis [1732]

Det er viktig å merke seg at desse døma har måtestyding, og at dette òg gjeld uttrykk som formelt sett har overlevd, jf. òg Tiisala (1990). Eit døme er *naturlig Viis* eller *naturligviis*, som så seint som hos Holberg tyder ‘på naturleg vis’ (måtestyding) og ikkje ‘naturlegvis’ (epistemisk tyding), jf. (24). Uttrykka utan preposisjon med måtestyding vart sjeldnare utetter 1700-talet.

Måtesuttrykka i OædS inneheld i all hovudsak adjektiv på *-lig*, *-ig* og *-(i)sk*. Der er nokre få med andre slags adjektiv: *krumvis*, *skakvis* og *tværviss*, som semantisk har nokså mykje til felles med essiviske danningar som *ringvis* med substantivisk base, jf. avsnitt 5.

#### 4 Modaladverb

Måtesuttrykk med preposisjonen *på* har overlevd fram til vår tid. Men uttrykka utan preposisjon har stort sett gått ut av bruk som måtesadverbial. Derimot har ein fått ei ny gruppe av preposisjonslause uttrykk, nemleg adverb som fungerer som setningsadverbial. Som synt i Kinn (2005) kan desse orda delast i tre grupper i moderne norsk: epistemiske modaladverb for sannsyn o.l. (*sannsynligvis*, *naturligvis*) og for sedvane (*vanligvis*, *tilfeldigvis*) og evaluerande kommentaradverb (*heldigvis*, *beklageligvis*).

Det ser ut til at denne ordtypen kan først attende til (den første halvdel av?) 1700-talet i skandinavisk, jf. Tiisala (1990). Materialet mitt frå 1700-talet er for tynt til at eg kan gjere detaljert greie for utviklinga, men nokre av setningsadverba var i alle høve komne i bruk i 1780-åra, som (25) og (26) syner. Ljunggren (1942: 129) har døme frå svensk som syner modal bruk så tidleg som i 1728, jf. (27).<sup>8</sup>

- (25) Folkeformeerelsen maae naturligviis hos et og det samme Folk være underkastet mange Forandringer [1786]
- (26) Arbeidslønnen maae nødvendigviis falde og stige efter det Forhold, der er imellem Levnetsmidlerne og Folkemængden. [1786]
- (27) Som nu Wijsen [*vise*: ‘bidronning’] är större än de öfrige Bij; så måste ock naturligit wijs dess Boo swara deremot [1728]

For *naturligvis* syner Tiisala (1990) at skiving som samansetjing (med bindestrek) førekjem i svensk sidan 1761, full samanskiving sidan 1789. Eg kan ikkje avgjere når samanskiving av modaladverba vart vanleg i dansk, men måtesadverba (jf. avsnitt 3.3) er stundom samanskrivne allereie på 1500-talet, slik at det kan sjå ut til at dansk går føre svensk på dette punktet.

## 5 Essiviske adverbial

Eit typisk essivisk adverbial har tydinga ‘(med form/funksjon) som N’, der N er tydinga til det substantivet som *-vis* er kombinert med. I dei semantisk enklaste tilfella er adverbiala knytt til eit nominalt ledd i setninga. Adverbiala *i parabels vijs* i (28) og *ringuis* i (29) er døme.

- (28) ieg siger det kun saa hen i parabels vijs [1603]  
 (29) din’ børn skalt du see side ringuis omkring din disk [1592]

I (28) er adverbiala knytt til objektet *det* (dvs. det som vert sagt) og tyder ‘(med funksjon) som ein parabel’. I (29) er adverbiala knytt til objektet *din’ børn* og tyder ‘i form av ein ring’.

(28) og (29) illustrerer saman eit formelt kjenneteikn ved essiviske adverbial på 1500- og 1600-talet: Dei stod dels utan preposisjon og var dels innleidde av (*ud-*) *i*. Andre preposisjonar var sjeldne. Dette skil dei frå måtesadverbiala i den same perioden, som typisk var innleidde av *paa*, jf. avsnitt 3.

Det er ikkje noko sylskarpt semantisk skilje mellom måtes- og essivisk adverbial, men det tilsvarer om lag skiljet mellom *som*-uttrykka i *Han døde som gammel mann som en forbryter*. Dette er eit skilje mellom samanlikning og klassifikasjon (eller identitet) – han var ein gammal mann (klassifikasjon, svarer til essivisk adverbial), og han døydde som om han skulle ha vore forbrytar (samanlikning, måtesadverbial), men var det ikkje.

Av dei uttrykkstypene der *-vis* er kombinert med eit substantiv, ser essivane som gruppe ut til å vere dei eldste i skandinavisk (ved sida av einskilde distributivar, jf. avsnitt 6). Det er 1500- og 1600-talet som er blømingstida til essivane, men det eldste dømet eg har funne, er frå 1439, jf. (30).

- (30) i furrunæ som hyggen var i krosviis i norder ved vejen [1439]  
 ‘i fura som var hoggen krossvis (som det var hogge ein kross i) nord ved vegen’

Her er ikkje adverbiala knytt direkte til noko nominalt ledd, men resultatet av hogginga er eit merke med form av ein kross. Dette dømet er eldre enn det eldste som eg har funne med *vis* som sjølvstendig substantiv, frå 1525. Tiisala (1990: 358) nemner *korsvis* som det eldste uttrykket med *vis* i svensk etter *adhruvis* og *likervis*.

(31)–(34) syner fleire døme med essivisk adverbial på (*ud-*) *i* frå 1500- og 1600-talet.

- (31) er hiulpet vdi mirackels vijss aff Guds naade [1591]  
 (32) huad hand i skemptsvijs fremførde [1636]  
 (33) vaare vdi gesantsvijs henskicket til kong P. [1636]

(34) at wij vtj raatzwiis schwlle handle met eder [1525]

I (31) er hjelpa eit mirakel, i (32) er det framførte skjemt, i (33) er dei utsende (uttrykte i subjektet, som ikkje er med i dømet) gesandtar, dvs. sendemenn, og i (34) kan dei (for-) handlande seiast å vere eit råd.

(35)–(38) inneheld fleire døme på essivisk adverbial utan preposisjon.

(35) kom hand imod meg och fald i kne och lagde seg korswiis paa iorden mett gredindis thaare [1535]

(36) Den kysende Synderinde. Sangviis forfatted Efter hosføyede Melodie [1685]

(37) Dog er dette Summarums vis antegnet [1600-talet]

(38) haffuer nogle Perser verit vdsendt gesandtis vjs til Macedonien [1613]

I (35) har (delar av) kroppen til den gråtande form av ein kross, i (36) er teksten skriven som song osv.

Som døma syner, dreier det seg ofte om uttrykk for form (*korsvis*, *ringvis*), språklege uttrykk (*parabelsvis*, *summarumsvis*) og administrative funksjonar (*gesandtsvis*, *raadsviis*). Dei fleste orda har seinare forsvunne, men former som *Summarums vis* er forgjengarar for den moderne typen som omfattar t.d. *avslutningsvis*.

Det finst ein god del døme på uttrykksmåtar som ikkje passar heilt til den karakteristikken eg har gjeve av essivane ovanfor. Eitt døme på dette er *raadsujs* i (39). Her har adverbialet helst tydinga ‘i eit råd / ved ei rådføring’ (dvs. hemmeleg).

(39) huad raadsujs talis, skal icke aabenbaris [ca. 1600]

HO (bd. 5: 1326) har som éi av tydingane til danningar på *-vis* “med benyttelse af det førsteleddet betegner”. Dette er òg noko litt anna enn den typiske essivtydinga. Eg trur at mange av særtilfella er døme på nokså enkle metonymiar. Det gjeld t.d. *raadsviis*, som ser ut til å dreie seg om ei tydingsoverføring frå ‘som råd’ til ‘i eit råd’. Noko liknande ser ein ved moderne norsk *avslutningsvis*, som dels tyder ‘som avslutning’ og dels ‘i avslutninga’.

Den formelle variasjonen mellom (*ud-*) *i* og ingen preposisjon varer over eit par hundre år. Det kan sjå ut til at uttrykk med preposisjon dominerer på 1500-talet, men frå 1600-talet er det nokså klart at uttrykk utan preposisjon har fått overtaket.

Døma i (40)–(42) illustrerer at essivane framleis var levande som produktiv konstruksjon i høgre grad på 1800-talet enn seinare.

(40) Den Mindre ... gik mere forsvarsvis tilværks, idet han dog ... gav tunge Slag. [1852]

(41) Der var endog demonstrationsvis bestilt fra Hovedstaden et Jerngitter med forgyldte Knopper. [1884]



- (42) Duften af de hvide blomstrende Mandeltræer iland kom luftningsvis næsten bedøvende udover med Morgenbrisen [1882]

Med unntak av vidareutviklinga til adjektiv, som er handsama i avsnitt 7, er historia til gruppa av essivar på 1800- og 1900-talet elles mest ei samling av leksikalske utviklingar som eg ikkje skal gå inn på.

## 6 Distributive adverbial

Dette avsnittet handlar om distributive adverbial av ulike slag. Interndistributive adverbial som *dråpevis* (avsnitt 6.1) har tydinga ‘fordelt over N-ar’, ‘N for N’, og det som er fordelt, utgjer samtidig fordelingseiningane (N-ane). Eksterndistributive adverbial som *fylkesvis* (avsnitt 6.2) har tydinga ‘fordelt over N-ar’, ‘N for N’, og det som er fordelt, er noko anna enn det som det er fordelt over (N-ane). Restriktivt distributive adverbial som *tidvis* (avsnitt 6.3) har tydinga ‘fordelt over somme, men ikkje alle, N’. Rekkjefølgja her reflekterer den ulike alderen til dei tre typane slik eg meiner å kunne skimte skilnadene mellom dei i kjeldene. Distributivane som gruppe er yngre enn essivane, og dei eldste distributivane ser ut til å stå for intern distribusjon, som kan sjåast på som ein variant av essivitet like mykje som ein motsetnad til det. Ekstern distribusjon står derimot i motsetnad til essivitet, og eksterndistributive ord ser som gruppe ut til å vere yngre enn dei interndistributive. Dei restriktive distributivane kan sjåast på som ei spesialisering av eksterndistributivane og ser ut til å vere den yngste gruppa.

### 6.1 Interndistributive adverbial

Interndistributive adverbial er normalt knytte til eit nominalt ledd i setninga (det fordelte). To døme er gjevne i (43) og (44).

- (43) de bleffue vdi rottuijss tilstædt, att drage igennem byen [1603]  
 (44) wandit, som aff stor regn haabeviis falder aff wit wdstaaende render [1651]

I (43) står adverbialet *vdi rottuijss* (‘rodevis’) til subjektet *de*; ei rode er ei lita militæravdeling. Desse ‘dei’ vil vere fordelte over og samtidig utgjere roder når dei dreg gjennom byen. I (44) står adverbialet *haabeviis* til det relativiserte subjektet (‘vatnet’), og vatnet er fordelt over og utgjer “hopar”. (43) og (44) syner at interndistributivane liksom essivane dels var brukte med preposisjon, dels utan. Det er berre tale om (*ud-*) *i*.

Noko klart skilje mellom essivane og interndistributivane kan neppe trekkjast. Eit uttrykk som (*i*) *artikkel(s)vis* kan tolkast som både essiv og distributiv (‘som artikkel’ vs. ‘artikkel for artikkel’), jf. (45) og (46).

- (45) Vdi Hammers by var en streng byeret udi artichle vijs beskreffuen [ca. 1550]
- (46) Oc giffuer ther fore eders kon: Mt tesse vore brøster artickelsuis tillkiende [1562]  
 ‘og gjev difor Dykkar kongelege majestet desse manglane våre “artikkelvis” til kjenne’

Dei gamle interndistributivane flyt òg saman med kvantitativane. Eit døme er *haabeviis* i (44) ovanfor, som står like mykje for stor mengd som for ei fordeling. Det same gjeld *strømme-viiss* i (47).

- (47) ved eget blod, som strømme-viiss udflyder [1680]

Eg kjem attende til kvantitativane i avsnitt 8.

Den vidare utviklinga til interndistributivane er kjenneteikna av to trekk: Typen vert svært produktiv, og bruken av *i* minkar tidleg, men forsvinn ikkje heilt. Distributive uttrykk som *i stykkevis* førekjem framleis i vår eiga tid ved sida av *stykkevis* utan preposisjonen, jf. Kinn (2005). Men allereie på 1700-talet var preposisjonsløyse det normale.

### 6.2 Eksterndistributive adverbial

Eksterndistributive adverbial kan i motsetnad til interndistributive like gjerne innebære at det fordelte er ei verballending (eller liknande) som noko nominalt. Eg har ikkje funne noko døme med ekstern distributiv i diplomatariet og heller ingen andre klare døme som er eldre enn frå 1600-talet. Nokre gamle døme er gjevne i (48)–(50).

- (48) skal inspecteuren maanetlig eller qvartalvis visitere [1668]
- (49) de gaee trappeviis frem fra en ære til en dobbelt ære [1676]
- (50) indgifve under sin haand en sogneviiss forfattede extract [1688]

Eg har ikkje funne døme på bruk av preposisjon ved eksterne distributivar, dvs. at dei skil seg formelt frå interne distributivar og essivar. I moderne norsk er det òg nett-opp slik at interne distributivar stundom førekjem med preposisjonen *i*, t.d. *i stykkevis*, medan bruk av preposisjonen ville vere svært avvikande ved ekstern distribusjon, t.d. *\*i fylkesvis* (og likeins ved restriktiv distribusjon: *\*i tidvis*).

Før framveksten av klare kvantitativar på *-vis* var enkelte distributivar som no langt på veg er forsvunne, vanlege, som i (51) og (52). Det kan verke som om desse uttrykka har vorte fortregnde etter som (nesten) likelydande kvantitativar har vorte vanlege, jf. avsnitt 8.

- (51) (*levitterne*) skulde skiftes til at gjøre Opvartning Uge-viis [1742]

- (52) Bormesterinden maa ogsaa tage sig an en Doctor Aar-viis for sit heele Huus [1723]

### 6.3 Restriktivt distributive adverbial

Vanleg brukte restriktivt distributive adverbial i moderne språk er *delvis* ‘i/for somme delar’, *tidvis* ‘til somme tider’ og *stedvis* ‘på somme stader’. Denne ordgruppa ser ut til å vere utvikla relativt seint. Eg har ikkje funne *delvis* brukt før på 1800-talet (jf. t.d. (53)), og *tidvis* og *stedvis* er ikkje å finne i Dokumentasjonsprosjektet si tekstsamling i det heile.

- (53) Der hændte noget, som jeg kun delvis før har seet: [1860]

I nokon grad kan vel ord for utvikling i rykk med stillstand imellom, som *stødviis* i (54), reknast som forgjengarar for dei meir “eigentleg” restriktive distributivane.

- (54) Tieneres Plage kommer stødviis og haver snart Ende [1744]

(I OædS er *tagvis* (< *tag* ‘tak’) oppslagsord, men utan døme.) Ei liknande stilling har ord som *glimtvis*, for intermitterande synsinntrykk og liknande. Eit ord som *lejlighedsvis* er vanleg på 1800-talet, men ser då like gjerne ut til å tyde ‘ved eit (passande) høve’ som ‘av og til’, som er den vanlege moderne tydinga, jf. *høvesvis* (55) og (56).

- (55) Men møder du mine venner lejlighedsvis i et sælskab, så gør mig den tjeneste [1871]  
 (56) Det er denne Modsætning mellem den Betydning, man leilighedsvis vil tillægge mig, ... og den Stilling, jeg i Virkeligheden indtager [1880-talet]

Overgang frå vanleg ekstern distribusjon til restriktiv distribusjon ser ein ved *periodevis*, jf. (57) og (58).

- (57) Siden har jeg læst Kunsthistorie ledsaget af Verdenshistorie periodevis fremover [1861]  
 (58) saa kan vel hans Følelser periodevis have været ganske tropiske baade for en og anden af disse “Døtre af Solen” [1893]

Restriktive distributivar ser altså ut til å ha ei temmeleg samansett historie, men som gruppe er typen nokså ung. Dei er preposisjonslause.

## 7 Essivar og distributivar som attributt til substantiv

Som Kinn (2005) syner, er det slik i moderne norsk at dei fleste essivar og distributivar oftast er brukte adverbieilt, men det normale er at dei òg kan brukast attributivt. Norde (2005) dokumenterer attributiv bruk i svensk grundig. På dette grunnlaget kan dei etter mitt syn klassifiserast som adjektiv, for som kjent kan adjektiv brukast adverbieilt i dei skandinaviske språka. Tradisjonelt har dei jamt over vore klassifisert som adverb, men det er slett ikkje noko nytt fenomen at dei er brukte attributivt. OædS har to døme frå 1600-talet, jf. (59) og (60). (61) er eit døme frå Holberg.

- (59) her hos min erklæring imod samme dæckmanteler oc quantzwise [*kvants: 'spøk' e.l.*] beskyldinger [1641]  
 (60) effter grundens snegelse form [1673]  
 (61) min Skickelse (*er*) saa forandret, at mine Veninder og Lege-Søstre icke kand ansee mig uden Taares Strømme-viis Udgydelse [1725]

Døma i (62)–(66) syner attributiv bruk i ulike tal og kjønn og i ubunden og bunden form.

- (62) Husk, at Frankrigs radikale ... også mener skridtvis fremgang. [1883]  
 (63) ved Dannelsen af et delvis Venstreministerium [1888]  
 (64) selve Videnskaben ... har antaget Evolutionens Theori (den evige, gradvise Udviklings) [ca. 1881]  
 (65) de lange slætter lå for mig i halvmørke med glimtvis lys i [1888]  
 (66) Og at alliancer må til for å få ænde på krigen og krigsfaren, tilsiger sund fornuft. Rustninger, de enkeltvise, forslår ikke længer. [1898]

Døme på ubunde eintal inkjekjønn er såpass sjeldne at det er vanskeleg å vurdere om endingslause former (som i (63)) eller former med endinga *-t* er det mest normale på 1800-talet. Det er likevel rimeleg å tru at formene utan *-t* var mest vanlege, sidan det klart er slik i moderne norsk, jf. Kinn (2005). (67) er eit gammalt døme på bruk av *-t*.

- (67) ved et gradvist Frafald fra det midlertidige, fremmede Surrogat [1858]

Ifølgje Norde (2005) er det eldste dømet på attributiv bruk i *Svenska Akademiens ordbok* frå 1797. Den diakrone undersøkinga hennar syner at former på *-a* (bunden form og/eller fleirtal) er eldst, og eldre enn attributiv bruk av endingslause former (ubunden form eintal). I ubunde eintal inkjekjønn konkurrerer endingslause former med former på *-t*, men endingsløyse er klart vanlegast. Rydqvist (1874: 166) fordømmer attributiv bruk i svensk på det sterkaste; dette “inträngda sjelfsvåldet” kjem etter hans syn frå dansk og “är stridande mot all grammatik och särskildt mot Sven-

ska språklynnet"! Ein slik reaksjon tyder på at attributiv bruk var utbreidd i svensk på den tida, men alt i alt ser det ut til at dansk gjekk føre svensk i denne utviklinga.

## 8 Kvantitative adverbial

Eit moderne kvantitativt adverbial på forma *i N-vis* er gjerne knytt til eit nominalt ledd som det kvantifiserer. Til dømes tyder *Gjestene kom i hundrevis* at det kom mange gjester, ettersom dei kunne teljast i hundretal. På 1600-talet var det knapt noko skilje mellom interndistributive og kvantitative adverbial. Som vist i avsnitt 6.1 kan ein i 1600-talstekstar finne uttrykk som *haabeviis* ('(i) hopevis') og *strømme-viiss*, som har tydingar som kombinerer essivisk, distributiv og kvantitativ (overflods-) tyding, jf. (44) og (47) ovanfor. Desse døma er utan preposisjon, medan døme som *vdi rottuijss* ('rodevis') i (43) ovanfor illustrerer at uttrykk med preposisjon kunne ha distributiv (og essivisk) tyding. Hos Dass finn ein døma i (68) og (69).

- (68) Hvi ser jeg, at der strømmer ned Paa vores Provstes Kinder Det vaade Vand saa salt og hed Og draabevis nedrinder? [ca. 1703]  
 (69) Det falder for surt At dricke malurt Og galde i pælleviis maale. [ca. 1702]

Det preposisjonslause uttrykket *draabevis* i (68) er distributivt – noka overflodstyding er ikkje nærliggjande når basen står for ei så lita eining som 'drope'. Såleis har uttrykket same tilhøve mellom form og innhald som moderne distributivar. Uttrykket med preposisjon i (69), *i pælleviis*, er eit godt døme på overlapping mellom distributiv og kvantitativ tyding. Ein pel er eit rommål som tilsvarear om lag 2,4 desiliter. Når ein måler galle i pelar, dreier det seg om distribusjon. Men samtidig er det nokså klart at ein gjev uttrykk for at det er tale om mykje galle når han kan målast i pelar.

Dømet frå Dass i (69) er særleg interessant ettersom det etter alt å dømme er belegg for ei utvikling som rundt 1700 var heilt i startfasen. Hos Holberg finst det ein god del distributivar på *-vis* (utan preposisjon), men det einaste klare kvantitative dømet eg har funne i HO, er *strømme-viis* i (70). Det er mogleg at *Sække-viis* i (71) kan ha overflodstyding òg, men den distributive tydinga er klarare.

- (70) Ulykke og Fortræd regner strømme-viis ned paa mig [1731]  
 (71) (*det er*) mærkeligt, at de (*kineserne*) i Jorden nedgrave Svine-Børster, item Menneske-Haar, som til den Ende samles og sælges Sække-viis [ca. 1750]

Som det går fram av døma, er uttrykka hos Holberg preposisjonslause, og dette gjeld allment hos han – men dei aller fleste døma er altså reint distributive.

På 1800-talet er tilhøvet mellom distributive adverbial på forma *N-vis* og kvantitative adverbial på forma *i N-vis* nokså fastlagt, dvs. som i moderne norsk. Det er i samsvar med at distributivane er adverb (eller adjektiv), og at kvantitativane er bøy-

ingsformer (overflodsflertal) av substantiv, jf. Kinn (2005). (72) og (73) gjev døme på kvantitative adverbial.

(72) og der fik jeg vel se Saueflokker, kan du tro; der nede gaar de i Tusendvis, den ene Driften større end den andre [1852]

(73) som om han havde været borte i Aarevis istedetfor i Uger [1878]

I eit døme som (74) er *aarevis* brukt utan *i*, trass i at det er tale om stor kvantitet, dvs. at ordet kan sjå ut til å vere adverbielt heller enn substantivisk.

(74) – det er allerede galt nok at de ligger aarevis uden Rente alle disse Penge [1886]

Men dette er eit adverbielt ledd av ein type der målssubstantiv for tid fritt kan nytast utan preposisjon, jf. *de ligger (i) flere år uten rente*. Difor er det klart at *aarevis* i (74) godt kan vere eit substantiv i adverbiell funksjon.

Det finst godt over 200 døme i Dokumentasjonsprosjektet sine tekstar på kvantitativar som følgjer etter *i* (som adverbial eller modifierar til substantiv, jf. avsnitt 9). Desse tekstane er stort sett frå 1800-talet (men der er likevel ein god del frå tidleg 1900-tal). Uttrykk for tal og tid, som i (72) og (73), utgjer som i moderne norsk brorparten av døma. Døme er (i moderne rettskriving) *dusinvis*, *titusenvis*, *tylftewis* og *dagevis*, *månedsvis*, *øktevis*. Men òg andre semantiske typar er vel representerte. Nokre døme er *milevis*, *skjeppevis*, *mengdevis*, *bandevis*, *skokkevis*, *dungevis*, *kasewis*, *lassevis*, *tønnevis*, *fangevis*.

## 9 Kvantitative modifierarar til substantiv

Det vanlegaste på 1800-talet er at ein preposisjonsfrase med forma *i N-vis* fungerer som adverbial, som i (72) og (73) ovanfor. Sjeldnare er klare døme på modifierande bruk ved substantiv, som i (75) og (76).

(75) Stadig Sne i massevis har vi ikke hjemme i Stavanger [1886]

(76) Ubegribeligt er det mig, at ikke sommergæster i tusindvis strømmer did hen [1889]

Det førekjem ofte (som i moderne norsk) at det er uklart om ein slik *i*-frase er adverbial eller står til eit føregåande substantiv. Døme på dette er (77) og (78).

(77) Hun holdt kun een Koe, men hun solgte Fløde i Potteviis [1854–55]

(78) Vi mødte norske bønder i skarevis [1881]

## 10 Kvantitativar i falske partitivar

Falske partitivar er t.d. *tusenvis av mennesker* og *tusener av mennesker*, der eit måls-substantiv står for ein kvantitet og eit artssubstantiv oppgjev kva som er målt. Ved målssubstantiv på *-vis* står anten *av* eller *med* framfor artssubstantivet.

På 1800-talet dominerte bruken av kvantitativane i konstruksjon med *i*, adverbielle og modifierande til substantiv. Langt mindre vanlege var falske partitivar som i (79) frå 1872 og (80) frå 1882.

(79) Datteren hun skinte over Bergens Stad, Tylftevis af Kjøbmænd stod med Buk i Rad. [1872]

(80) ... Snesevis af Kast kom i Floke og tændte Lidenskab og Slagsmaal. [1882]

Dette er dei eldste heilt klare døma eg har funne på kvantitativar i denne konstruksjonen, og dei einaste frå 1800-talet. Det eldre dømet i (81) er ope for fleire tolkingar.

(81) da krydde det frem i tusendvis af Mus [1849]

Det er mogleg at *i tusendvis* og *af Mus* er skilde konstituentar, jf. *Det krydde frem av mus*. Men det kan òg vere tale om éin konstituent, jf. nedanfor. Dømet i (82) er noko yngre, men eldre enn dei i (79) og (80).

(82) Tænk dig en Samling i Tusindevis af voxne Børn, der synger [1860]

Dette dømet kan tolkast slik at *i Tusindevis* og *af voxne Børn* er skilde konstituentar i den substantivfrasen der *Samling* er kjerne, jf. at *en samling av voksne barn i tusendvis* òg er velforma (og er betre i moderne norsk).

Det finst fleire klare døme i Dokumentasjonsprosjektet sine tekstar frå tidleg 1900-tal, så det kan verke som om det første tiåret av førre hundreåret er tida då falske partitivar med ord på *-vis* slo igjennom hos sentrale norske forfattarar. Nokre døme er presenterte i (83)–(86).

(83) Og det sier de hvis egen skrivebruk viser hundredvis av slike inkonsekvenser [1900]

(84) Tusindvis af Saarede blev liggende i Wilna, forat dræbes af Kosakkerne. [1905]

(85) Ti mængdevis af ufeilbarlige Husraad var dukket op [1906]

(86) Og ned i Bukselommerne subbed han fra Bordet Nævevis af Dalere. [1906]

Hansen (1933: 8–9) reknar desse konstruksjonane som språkfeil i dansk (jf. del 2), noko som stemmer godt med at dei var relativt nye og på frammarsj i første halvta

av 1900-talet.

Attåt desse uttrykksmåtane, som er heilt like dei moderne, finn ein (ein sjeldan gong) uttrykk der preposisjonen *i* er nytta til å innleie eit ledd i nominal funksjon, som i (87).

(87) naar man paa Listen over saarede Officerer finder Navne ... – fra selve Marechallen en Række af de første Divisions-Generaler.

Dertil i hundredevis af faldne Officerer nedover Graderne [1905]

Det er mogleg at *i tusendvis af Mus* i (81) ovanfor er av same slaget, dvs. at det er tale om éin konstituent.

I perioden rundt 1900 var det berre *af/av* som var brukt framfor artsuttrykket. Det eldste dømet eg har på *med* i denne bruken, er det i (88) frå 1957.

(88) Fyrst og fremst kjøpte Staten inn jord og planta tusenvis med småtre. [1957]

I dansk er *med* enno ikkje nytta slik, medan denne preposisjonen er svært vanleg i svensk (attåt *av*). Med denne nyskapinga er det aller meste av det noverande syn-krone systemet etablert.

## 11 Avslutning

Historia til ord på *-vis* i skandinavisk har i hovudsak utspelt seg i løpet av dei siste 500 åra. Dei har såleis ikkje noka lang historie, men ho er til gjengjeld mangfelt. Her i den første delen av artikkelen har eg dokumentert denne historia. I del 2 skal eg freiste å klarleggje i kva grad syntaktiske konstruksjonar med *vis/-vis* er lånte frå tysk eller er heimlege skandinaviske utviklingar. Vidare vil eg føreslå analysar av konstruksjonar av ulik alder og prøve å avdekkje mekanismane bak dei ulike grammatikaliseringssprossane der rota *vis* har vorte suffiks.

## Kjelder

Mange av døma er henta frå Dokumentasjonsprosjektet (<http://www.dokpro.uio.no/>) si nettutgåve av *Diplomatarium Norvegicum* eller den litterære tekstsamlinga same stad. Nøyaktige referansar til utgjevingane som desse tekstane er henta frå, finn ein på Dokumentasjonsprosjektet sine sider. For døme frå diplomatariet oppgjev eg bind- og brevnummer og stad og datering for diplomtet. For døme frå tekstsamlinga oppgjev eg forfattar og litterært verk og ei datering som fortel omtrent når ein kan rekke med at teksten er skriven. Andre døme er henta frå ordbøker. Her oppgjev eg bind, sidetal og oppslagsord pluss kortreferansen frå ordboka, med tillegg av den fulle referansen slik han står i kjeldelista der.



- [1] Dokpro/DN. Bind 6, brev 238. Nes på Romerike 1358.
- [2] Dokpro/DN. Bind 21, brev 361. Teie i Vestfold 1437.
- [3] Dokpro/DN. Bind 2, brev 571. Bergen 1402.
- [4] Dokpro/DN. Bind 7, brev 725. Trondheim 1536.
- [5] Dokpro/Tekst. Camilla Collett: *Mod Strømmen 2*. Utgjeven 1885.
- [6] Dokpro/DN. Bind 7, brev 612. Oslo 1525.
- [7] Dokpro/Tekst. Dorothe Engelbretsdatter: “Den Food-tørrende Synderinde”, *Taare-Offet*. Utgjeven 1685.
- [8] Dokpro/DN. Bind 12, brev 522. Oslo 1532.
- [9] Dokpro/Tekst. Petter Dass: “Vesteraalens Beskrivelse”, *Nordlands Trompet*. Skriven på 1600-talet.
- [10] Dokpro/Tekst. Dorothe Engelbretsdatter: “Jesu Christi hellige Pinis og Døds Salige Brug og tilegnelse”, *Sjælens Sang-Offet*. Utgjeven 1678.
- [11] Dokpro/Tekst. Petter Dass: “Huus-Tavlen forfattet i tolv Sange”, *Katekismus-Sange*. Skriven på 1600-talet.
- [12] HO 3: 913, under *Mands-Viis*. – Heltind II 360 = Adskillige Heltinders ... Sammenlignede Historier I–II. 1745. (XIV 395-716).
- [13] Dokpro/Tekst. Dorothe Engelbretsdatter: “NAar du O! HERre tucter mig”, *Sjælens Sang-Offet*. Utgjeven 1678.
- [14] OædS 2: 224, under *Herrevis*. – P. Smed. d2<sup>v</sup> = Peder Smed v. Sv. Grundtvig. Kbhvn. 1880. (Peder Smed er eit dikt frå reformasjonstida.)
- [15] Dokpro/Tekst. Dorothe Engelbretsdatter: “Klage-Suk”, *Sjælens Sang-Offet*. Utgjeven 1685.
- [16] HO 4: 1194, under *Skialdre-viis*. – Paars 246 = Peder Paars. Poema Heroico-comicum. Tredie Edition. 1720 (II 193–415).
- [17] Dokpro/Tekst. Dorothe Engelbretsdatter: “Medlidig Trøst til Jndvaanerne i Bergen”, *Sjælens Sang-Offet*. Utgjeven 1699.
- [18] Same stad som [11].
- [19] Dokpro/Tekst: *Hamarkrøniken*. Frå ca. 1550.
- [20] Dokpro/Tekst. Dorothe Engelbretsdatter: “Dyders Sang paa alle Helgens Dag”, *Sjælens Sang-Offet*. Utgjeven 1681.
- [21] Dokpro/DN. Bind 8, brev 711. København 1533.
- [22] Dokpro/Tekst. Dorothe Engelbretsdatter: “Den Taare-gydende Synderinde”, *Taare-Offet*. Utgjeven 1685.
- [23] HO 5: 776, under *tyrannisk*. – Intr I 43 = Introduction til de fornemste Europæiske Rigers Historier. 1711 (1.–2. paginering) (I 1–381).
- [24] HO 3: 1241, under *naturlig viis*. – DH I 337 = Dannemarks Riges Historie I–III. 1732–35 (VI–VIII [...]).
- [25] Dokpro/Tekst. Andreas Bull: *Oekonomiske Tanker om Fabrikvæsenet og raae Produkters Forarbeidelse i Landet*. Utgjeven 1786.
- [26] Same stad som [25].
- [27] Ljunggren (1942: 129). – Triewald, Bij 20 (1728).
- [28] OædS 3: 451, under *Parabel(s)vis*. – SthU c1 = Sthen, Ligprædigen o. Mette Ulfstand. Kbhvn. 1603.
- [29] OædS 3: 602, under *Ringvis*. – SthH 12 = Sthen, Geistlig Hussraad. Kbhvn. 1592.
- [30] Dokpro/DN. Bind 12, brev 201. Østby i Vestfold 1439.
- [31] OædS 4: 847, under *Vis*. – VdV II. nr 15 incl = Vedel, Hundrede Viser. Ribe 1591.
- [32] OædS 3: 777, under *Skem(p)t(s)vis*. – SkP 629 = Skonning, Hans Hanssøn, Hedenske Philosophia. Århus 1636.
- [33] OædS 5: 358, under *Gesandtsvis*. SkP 441, jf. [35].
- [34] Dokpro/DN. Bind 12, brev 370. Bistrup (Danmark) 1525.

- [35] Dokpro/DN. Bind 11, brev 623. Austrått i Sør-Trøndelag 1535.
- [36] Dokpro/Tekst. Dorothe Engelbretsdatter: "Den Kyssende Synderinde", *Taare-Offet*. Utgjeven 1685.
- [37] Dokpro/DN. Bind 20, brev 794. København på 1600-talet (etter tekst frå 1431).
- [38] OædS 5: 358, under *Gesandtsvis*. – KP cc 2 = Pors, Cl., En nyttig Hussbog. Kbhvn. 1613.
- [39] OædS 3: 644, under *Rådsvis*. – Hvf VI 40 = Arrild Huitfeldt, Danmarckis Rigis Krønnicke. I–VIII. Kbhvn. 1595-1603. 4°.
- [40] Dokpro/Tekst. Harald Meltzer: "Grundset Marked", *Smaabilleder af Folkelivet. Skizzer*. Skrive 1852.
- [41] Dokpro/Tekst. Jonas Lie: *En Malstrøm*. Utgjeven 1884.
- [42] Dokpro/Tekst. Jonas Lie: *Gaa paa!* Utgjeven 1882.
- [43] OædS 3: 611, under *Rode*. – Hvf VIII. 96, jf. [45].
- [44] OædS 5: 460, under *Hobevis*. – KD III. 371 = Kjøbenhavns Diplomatarium v. O. Nielsen. I–VIII. Kbhvn. 1872-87. (Tekst frå 1651.)
- [45] Same stad som [19].
- [46] Dokpro/DN. Bind 13, brev 722. Bergen 1562.
- [47] OædS 5: 1011, under *Strømmevis*. – Raun 25 = Georgica eller Bonde-Vercks fire Bøger overs. af M. C. Raun. Kbhvn. 1680.
- [48] OædS 5: 625, under *Kvartalvis*. – Fdg. <sup>10</sup>/<sub>1</sub> 1668 § 6 = Forordning (datum for udstædelsen vedføjet).
- [49] OædS 5: 1078, under *Trappevis*. – Fab 292 = Faber, Ligpr. o. H. Swane. Kbhvn. 1676.
- [50] OædS 5: 965, under *Sognevis*. = Fdg <sup>11</sup>/<sub>12</sub> 1688 § 2, jf. [48].
- [51] HO 5: 960, under *Uge-viis*. – JH I 224 = Jødiske Historie I–II. 1742 (XII–XIII).
- [52] HO 1: 25, under *Aar-viis*. – Kandst IV 9 = Den Politiske Kandstøber. 1723 (II 545–604).
- [53] Dokpro/Tekst. Bjørnstjerne Bjørnson: *God morgen, Rosalinde! Brev til Rosalinde Thomsen*. Skrive 1860.
- [54] HO 5: 216, under *stødvi(i)s*. – MTkr 107 = Moralske Tanker I–II. 1744 (XIV 119–393).
- [55] Dokpro/Tekst. Bjørnstjerne Bjørnson: *Brytnings-aar I*. Brev frå 1871.
- [56] Dokpro/Tekst. Camilla Collett: "Breve d'outré tombe", *Efterlæt (1837–1895)*. Skrive på 1880-talet.
- [57] Dokpro/Tekst. Bjørnstjerne Bjørnson: *Gro-tid I*. Brev frå 1861.
- [58] Dokpro/Tekst. Arne Garborg: *Jonas Lie. En Udviklingshistorie*. Utgjeven 1893.
- [59] OædS 2: 669, under *Kvantsvis*. – Hübertz, Aktst. om Århus. II. 93. not. = Hübertz, Aktstykker vedkommende Staden og Stiftet Aarhus. I–III. Kbhvn. 1845–46. (Tekst frå 1641.)
- [60] OædS 5: 963, under *Snegelvis*. – Deb 49 = Debes, Færoa reserata. Kbhvn. 1673.
- [61] HO 5: 170, under *strømmeviis*. – Ul I 8 = Ulysses von Ithacia. 1725 (III 369–429).
- [62] Dokpro/Tekst. Bjørnstjerne Bjørnson: *Kamp-tid II*. Brev frå 1883.
- [63] Dokpro/Tekst. Bjørnstjerne Bjørnson: *Artikler og Taler II*. Tekst frå 1888.
- [64] Dokpro/Tekst. Bjørnstjerne Bjørnson: *Artikler og Taler I*. Tekst truleg frå 1881.
- [65] Dokpro/Tekst. Bjørnstjerne Bjørnson: *Bjørnsøns brevveksling med svenske 1858–1909*. Skrive 1888.
- [66] Dokpro/Tekst. Bjørnstjerne Bjørnson: *Bjørnsøns brevveksling med danske 1875–1910*. Skrive 1898.
- [67] Dokpro/Tekst. Henrik Ibsen: *Artikler og taler*. Skrive 1858.
- [68] Dokpro/Tekst. Petter Dass: "Blomster ...". Truleg skrive 1703.
- [69] Dokpro/Tekst. Petter Dass: "Plaster ...". Skrive 1702 eller seinare.
- [70] HO 5: 170, under *strømmeviis*. – Stu II 9 = Den Stundesløse. 1731 (IV 529–602).
- [71] HO 3: 1028, under *Menneske-Haar*. – Ep III 285 = Ludvig Holbergs Epistler, Befattende Adskillige historiske, politiske, metaphysiske ... Materier I–V [...]. 1748-54 (XV 273–681, XVI 1–637).

- [72] Dokpro/Tekst. Asbjørnsen og Moe: “Store-Per og Vesle-Per”. Først utgjeve 1852.
- [73] Dokpro/Tekst. Jonas Lie: *Thomas Ross*. Utgjeven 1878.
- [74] Dokpro/Tekst. Alexander Kielland: *Brev 1884–1889*. Skrive 1886.
- [75] Dokpro/Tekst. Alexander Kielland: *Brev 1884–1889*. Skrive 1886.
- [76] Dokpro/Tekst. Henrik Ibsen: *Brev 1884–1904*. Skrive 1889.
- [77] Dokpro/Tekst. Conradine Dunker: *Gamle Dage, Anden Afdeling*. Skrive 1854–55.
- [78] Dokpro/Tekst. Bjørnstjerne Bjørnson: *Kamp-liv I*. Brev frå 1881.
- [79] Dokpro/Tekst. Jonas Lie: *Tremasteren “Fremtiden”*. Utgjeven 1872.
- [80] Same stad som [42].
- [81] Dokpro/Tekst. Asbjørnsen og Moe: “Den retfærdige Firskilling”. Først utgjeve 1849.
- [82] Dokpro/Tekst. Bjørnstjerne Bjørnson: *Gro-tid I*. Brev frå 1860.
- [83] Dokpro/Tekst. Moltke Moe: *Retskrivning og folkedannelse*. Utgjeven 1900.
- [84] Dokpro/Tekst. Alexander Kielland: *Omkring Napoleon*. Utgjeven 1905.
- [85] Dokpro/Tekst. Ragnhild Jølsen: *Hollases Krønike*. Utgjeven 1906.
- [86] Same stad som [85].
- [87] Same stad som [84].
- [88] Oslo-korpuset av tagga norske tekstar (nynorskdelen): *Syn og Segn* 1957.

## Notar

- 1 Eg ser her vekk frå adjektivet *vis* ‘klok’ og danningar med det. Det finst dessutan ein del einskildord på *-vis* som høyrer til i den klassen eg handsamar, men ikkje passar inn i nokon av dei undertypane eg tek opp her, jf. Kinn (2005). Kinn (2005) omtaler *-vis* som eitt suffiks (basert på formliskskap), medan eg her reknar med at det finst tre ulike.
- 2 Når det gjeld målform i konstruerte eksempel, viser eg til Kinn 2005:74 note 1.
- 3 Når det gjeld grunnlaget for denne utradisjonelle klassifikasjonen, syner eg til drøftinga i Kinn (2005). Eg hevdar ikkje at desse orda er typiske bøyingsformer, men meiner at denne analysen samsvarer betre enn alternative analysar med etablerte kriterium for ordklasseinndeling og for korleis ein kan skilje mellom samansetjing, avleiing og bøyning.
- 4 Om tilsvarande nederlandske suffiks, jf. t.d. de Haas og Trommelen (1993). Det historisk tilsvarande engelske suffikset *-wise* står no det skandinaviske nokså fjernt, jf. Opdahl (2003) og referansar der.
- 5 Ljunggren (1942: 125–26) argumenterer for at dette uttrykket i dei gamle nordiske språka mest sannsynleg er dativ eintal nøytrum. Det er då tale om ein instrumental dativ; som kjent er den norrøne dativen eit resultat av formelt samanfall mellom fire indoeuropeiske kasus: dativ, instrumentalis, ablativ og lokativ (jf. Iversen 1972: 132–35).
- 6 Uttrykket er oftast skrive som eitt ord, men førekjem òg delt, og vokalismen ymsar. Etter *Nor-røn ordbok* førekjem uttrykket òg med suffiksa *-a*, *-i* og *-u*. Eg har ikkje funne slike former i diplomatariet, men eg har ikkje søkt på alle moglege bokstavkombinasjonar. Det yngste belegget (med *andrewis*), frå 1461, er det einaste eg har funne som inneheld ein <n>.
- 7 Formene i diplomatariet varierer ein del. Former med ustemd konsonant, altså <k> eller liknande, førekjem innimellom dei med <g> og liknande fram til om lag 1530. Vokalen i andre-stavinga er om lag like ofte <a>/<æ> som <e>/<i> fram til 1460, men deretter er det <e> som er brukt. Sporadisk manglar <r>-en. På 1500-talet førekjem endingane *-e* og *-t*.
- 8 I døme (25)–(27) står adverbiala mellom finitt og infinitt verb, som er det normale for setningsadverbial i moderne skandinavisk, dersom dei ikkje står før det finitte verbet. Dette skil dei frå måtesadverbiala, som helst står etter infinitt verb (men kan stå både før finitt verb og mellom finitt og infinitt). Måtesadverbiala i avsnitt 3 har noko varierende plassering, men døma er til dels frå tekstar i bunden form, så dette er ikkje så mykje å gå etter. Eg skal difor

ikkje gå nærare inn på når dei to adverbialtypane har skilt lag med omsyn til plassering i setninga.

## Litteratur

- Beito, Olav T. 1954. *Genusskifte i nynorsk*. Utg. av Det Norske Videnskaps-Akademi i Oslo. II. Hist.-Filos. Klasse 1954. No. 1. Oslo: Dybwad.
- DW = *Deutsches Wörterbuch*. 1854–1954. Leipzig: Hirzel.
- de Haas, Wim, og Mieke Trommelen. 1993. *Morfologisch Handboek van het Nederlands*. Haag: SDU Uitgeverij.
- Hansen, Aage. 1933. *Sætningen og dens led i moderne dansk*. Kjøbenhavn: Nyt Nordisk Forlag.
- HO = *Holberg-ordbog*. 1981–88. København: Det danske Sprog- og Litteraturselskab.
- Iversen, Ragnvald. [1923] 1972. *Norrøn grammatikk*. 7. utg. Oslo: Aschehoug.
- Kinn, Torodd. 2005. “Ord på *-vis* i moderne norsk: samansetningar, avleiingar – og bøyingsformer?”. *Maal og Minne* 2005: 45–78.
- Ljunggren, Karl Gustav. 1942. *Objekt och adverbial*. Lunds universitets årsskrift. N.F. Avd. 1. 38: 3. Lund: Lunds universitet.
- MW = Schiller, Karl, og August Lübben. 1875–81. *Mittelniederdeutsches Wörterbuch*. Bremen: Verlag von J. Kühnemann's Buchhandlung / Verlag von Hinricus Fischer.
- Norde, Muriel. 2005. “Adverb och adjektiv på *-vis* i svenskan”. I *Svenskans Beskrivning 27*, red. Gunilla Byrman m.fl., 233–45. Växjö: Växjö University Press.
- Norrøn ordbok*. 1990. 4. utg. Oslo: Samlaget.
- OdS = *Ordbog over det danske Sprog*. 1918–56. København: Gyldendal.
- Opdahl, Lise. 2003. “The suffix *-wise*: Cinderella or Sleeping Beauty?” I *Proceedings from the 8<sup>th</sup> Nordic Conference on English Studies*, red. Karin Aijmer og Britta Olinde, 59–70. Gothenburg Studies in English 84. Göteborg: Göteborgs universitet, Institutionen för engelska.
- OædS = Kalkar, Otto. 1881–1918. *Ordbog til det ældre danske Sprog*. København: Universitets-jubilæets danske Samfund.
- Paraschkewoff, Boris. 1976. “Zur Entstehungs- und Entwicklungsgeschichte der Bildungen auf *-weise* (Teil 1)”. *Beiträge zur Geschichte der deutschen Sprache und Literatur* [Halle] 97: 165–211.
- Rydqvist, Johan Er. 1874. *Svenska språkets lagar*, bd. 5. Stockholm: Norstedt.
- Skautrup, Peter. 1947, 1953, 1968. *Det danske sprogs historie*, bd. 2–4. København: Gyldendal.
- Starke, Günter. 1973. “Beiwörter auf *-weise*”. *Sprachpflege* 1973/7: 140–44.
- Tamm, Fredrik. 1899 a. *Om avledningsändelser hos svenska adjektiv*. Skrifter utgivna af K. Humanistiska Vetenskapssamfundet i Upsala. VI. 8. Upsala: Almqvist & Wiksell.
- — —. 1899 b. *Om ändelser hos adverb och arkaiskt bildade prepositionsuttryck i svenskan*. Skrifter utgivna af K. Humanistiska Vetenskapssamfundet i Upsala. VI. 9. Upsala: Almqvist & Wiksell.
- Tiisala, Seija. 1990. “Naturligtvis – från ord till suffix”. *Svenskans beskrivning* 17, 357–66.

Torodd Kinn  
 Universitetet i Bergen  
 Nordisk institutt  
 Sydneplass 7  
 NO-5007 Bergen